





27 OKT. 1992

ÅRSMELDING 1991

FISKERIRETTLEIAREN I NORDHORDLAND




ÅRSMELDING FOR 1991
FISKERIRETTLEIAREN I NORDHORDLAND

1. Fiskerirettleiarkontorets virke og funksjon.
 - 1.1. Fiskerirettleiarkontoret
 - 1.2. Personalet
 - 1.3. Korrespondanse
 - 1.4. Fiskerinemnder
 - 1.5. Møteverksemd i fiskerinemndene
 - 1.6. Fiskerinemndsaker
2. Sysselsettinga i fiskerinæringa.
 - 2.1. Fiskarmanntalet
 - 2.2. Sysselsettinga i foredlingsleddet
 - 2.3. Sysselsettinga i oppdrettsnæringa
 - 2.4. Avleia verksemd
3. Fiskeflåten, merkeregisteret og konsesjonar.
 - 3.1. Lindås Kommune
 - 3.2. Meland Kommune
 - 3.3. Masfjorden Kommune
 - 3.4. Austrheim Kommune
 - 3.5. Radøy Kommune
 - 3.6. Fedje Kommune
4. Foredlingsleddet.
 - 4.1. Fiskemottak
 - 4.2. Slakteri/pakkeri/filetering/fryseri
 - 4.3. Røykeri- og fiskematprodusentar
 - 4.4. Hermetikkindustri
5. Fiskeoppdrett/akvakultur.
 - 5.1. Konsesjonar for oppdrett av laks og aure
 - 5.2. Matfisk av laks og aure
 - 5.3. Klekkeri- og settefiskanlegg
 - 5.4. Marine artar
 - 5.5. Skalldyr
6. Låne- og finansieringskjelder.
 - 6.1. Statens Fiskarbank
7. Tiltak/tiltaksarbeid.
 - 7.1. Strategisk Næringsplan for Nordhordland og Gulen
8. Summering.
 - 8.1. Rettleiingstenesta
 - 8.2. Fiskerinæringa
 - 8.3. Akvakulturnæringa

TENESTEDISTRIKT SONE 6, NORDHORDLAND

LINDÅS KOMMUNE :	Areal :	474 km2
	Innbyggjarar pr. 31.12.90 :	
	Administrasjonssenter :	Isdalstø
MELAND KOMMUNE :	Areal :	091 km2
	Innbyggjarar pr. 31.12.90 :	
	Administrasjonssenter :	Frekhaug
MASFJORDEN KOMMUNE :	Areal :	558 km2
	Innbyggjarar pr. 31.12.90 :	
	Administrasjonssenter :	Masfjordnes
AUSTRHEIM KOMMUNE :	Areal :	056 km2
	Innbyggjarar pr. 31.12.90 :	
	Administrasjonssenter :	Mastrevik
RADØY KOMMUNE :	Areal :	111 km2
	Innbyggjarar pr. 31.12.90 :	
	Administrasjonssenter :	Manger
FEDJE KOMMUNE :	Areal :	009 km2
	Innbyggjarar pr. 31.12.90 :	
	Administrasjonssenter :	Fedje



MODAL

MASFJORBEN

FEDJE AUSTERRHEIM

Masfjordnes

Mo

Lindås

RADDY

LINDÅS

VAKSDAL

Mangelv

Dalekvam

ØYGARDE

MELAND

Knarvik

Lonevåg

Frekhaug

OSTERØY

Haus

ASKØY

Kleppesta

FJELL

BERGEN

SAMNANGER

Fjell

Nesttun

Tysse

Norb

SUND

Eikelandsosen

Klokkarvik

1. FISKERIRETTLEIARKONTORETS VIRKE OG FUNKSJON

1.1. Fiskerirettleiarkontoret.

Sone 6, Fiskerirettleiaren i Nordhordland sitt tenestedistrikt omfattar følgjande seks kommunar :

- 1263 Lindås Kommune
- 1256 Meland Kommune
- 1266 Masfjorden Kommune
- 1264 Austrheim Kommune
- 1260 Radøy Kommune
- 1265 Fedje Kommune

Fiskerirettleiaren har hovudkontor på Knarvik i Lindås Kommune, men betjener også kontor på Fedje, fortrinnsvis kvar fredag.

Kontoret i Knarvik ligg sentralt til i 2. etg. av Landbrukshuset, like over riksvegen frå Knarvik senter.

Kontoret på Fedje ligg i Fedje Fiskeindustri A/S sine lokaler i Fedje sentrum.

1.2. Personalet.

Fiskerirettleiarkontoret i Nordhordland er bemanna med Fiskerirettleiar i full stilling og kontorfullmektig Astrid Blomberg i 1/4 stilling. Underteikna har vore i stillinga som Fiskerirettleiar sidan 19.06.89. som vikar for Janet Bakke.

Janet Bakke har sidan 01.01.89 vore tilsatt som Havbrukskonsulent, med hovudansvar for utarbeidelse av Kystsonenplan for Nordhordland. Ho har i tillegg vore engasjert i prosjektet "Samordning/sambruk av geografisk informasjon i Nordhordlandsregionen". Janet Bakke vert løna av Regionrådet for Nordhordland og Gulen.

Fiskerirettleiaren har felles kontorløyising med Havbrukskonsulenten og Havbruksveterinær Roar Ektvedt.

Astrid Blomberg tener også som kontorfullmektig for Havbrukskonsulenten og Havbruksveterinæren, henholdsvis 1/4 og 1/2 stilling for kvar, og arbeider soleis full dag ved havbruk/fiskerikontoret.

1.3. Korrespondanse.

	<u>1987</u>	<u>1988</u>	<u>1989</u>	<u>1990</u>	<u>1991</u>
Inngående brevjournal	515	525	461	525	630
Utgående brevjournal	916	1095	787	874	1042

Tala viser at både inngående og utgåande korrespondanse auka frå 1987 til 1988. Nedgangen i korrespondanse frå 1988 til 1989 kan forklarast med at perioden 01.01.89 - 19.06.89 stod stillinga som Fiskerirettleiar open. Dei to siste åra har både inngående og utgåande korrespondanse vist ein klår auke.

Meland Kommune hadde totalt 13 personar som dreiv fiske som hovudnæring i 1991. Dette var ein auke på 3 personar frå året i forvegen. Det var ingen fiskarar på bl. A i meldingsåret.

Masfjorden Kommune.

Fiskarar fordelt etter aldersgrupper

År	Inn- deling	15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70-op	Totalt
1988	Blad A			1	1	1	3	2	8
	Blad B	1	2						3
	Totalt	1	2	1	1	1	3	2	11
1989	Blad A	1			2	1	2	3	9
	Blad B		3						3
	Totalt	1	3		2	1	2	3	12
1990	Blad A				2	1	2	3	8
	Blad B	2	4		1				7
	Totalt	2	4		3	1	2	3	15
1991	Blad A			1	1			5	8
	Blad B	1	4	2	1				8
	Totalt	1	4	3	2			5	16

Masfjorden Kommune hadde 8 fiskarar på bl. A, og 8 fiskarar på bl. B i meldingsåret. Utviklinga frå 1988 til 1991 viser at det har vore ei jamn auke i antal fiskarar for kvart år.

Austrheim Kommune.

Fiskarar fordelt etter aldersgrupper

År	Inn- deling	15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70-op	Totalt
1988	Blad A						3	6	9
	Blad B		3		4	4			11
	Totalt		3		4	4	3	6	20
1989	Blad A						2	8	10
	Blad B		3		3	4	1		11
	Totalt		3		3	4	3	8	21
1990	Blad A			1			2	6	9
	Blad B		3	2	2	5	1		13
	Totalt		3	3	2	5	3	6	22
1991	Blad A				1		1	7	9
	Blad B		2	2	3	4	1		12
	Totalt		2	2	4	4	2	7	21

Austrheim Kommune har tilsaman 21 fiskarar, 9 på bl. A og 12 på bl. B. Det har ikkje vore nokon generell utvikling i fiskarmanntalet i løpet av dei siste åra.

2.2. Sysselsettinga i foredlingsleddet.

Fangst/produksjon frå fiskeri og havbruk har også gjeve grunnlag for ei rekkje arbeidsplassar innanfor foredling/vidareforedling av fisk. I 1991 fantes det 2 fiskemottak, 2 slakte/pakke/fryse-verksemder, 3 røykeri, 2 fiskematprodusentar og to hermetikkvarefabrikkar. Det er også nokon av oppdrettarane i distriktet som slaktar og pakkar sin eigen fisk, men den verksemda vert ikkje medrekna i tabellen under.

Antal sysselsette i dei enkelte verksemdene.

Kommune	Verksemd	Ant.fast syssels.	Ant.syssels. på deltid	Ant. årsverk
FEDJE	Fedje Fiskeindustri A/S	4	6	6
	Fedje Røykeri A/S	6	2	6.5
	Norway Foods Ltd.	55	--	45
RADØY	Manger Seafood A/S	10	--	10
	Manger Fiskemat A/S	20	--	20
	Stabburet Marine Produkter A/S	21	17	28
	Skjærgårdsfisk A/S	5	25	15
AUSTR- HEIM	Norway Foods Ltd., Mastrevik	45	(drifta vart stansa våren 1991)	
MASF- FJORD	Risnes Fiskemottak	2		2

Sysselsettinga innanfor foredling/videreforedling fekk ein stygg knekk i 1991. Ved Norway Foods i Mastrevik vart driften stansa og alle dei 55 som arbeide der vart sagt opp. Det vart begrunna med at selskapet hadde for mange produksjonsbedrifter i høve til råstofftilgangen. Ved Norway Foods på Fedje har det vore permitteringar, men det har ikkje vore snakk om å leggje ned drifta fullstendig.

2.3. Sysselsettinga i oppdrettsnæringa.

Kommune	Heiltidstilsette	Deltidstilsette	Årsverk
Lindås	12	17	14
Meland	8		8
Masfjorden	16	9	18
Austrheim	4	1	4
Radøy	20	10	23
Fedje	9		9

Tilsaman hadde over 100 personar arbeidsplass i produksjon av settefisk og matfisk i 1991. Berekna etter dei svar som Fiskerikontoret har fått frå oppdrettarane, vart det ytt ca. 80 årsverk. Sannsynlegvis er dette talet høgare, avdi dei fleste anlegga er familieverksemder der alle deltek innimellom.

2.4. Avleia verksemd.

Fiskeri- og oppdrettsnæringa er også med på å skaffe oppdrag for ei rekkje andre verksemdar i Nordhordlandsregionen. Dei mest vesentlege av av desse verksemdene kan i stikkordsform nemnast :

Lindås Kommune :

Mundal Båtbyggeri
Hjelmås Slipp & Mekaniske A/S
Leiknes Motor og Mek.
Plastinvest A/S
LK Sellevold plastindustri
Lintron A/S
Helgesen Rørleggerfirma A/S
Marin Kultur A/S
BNR A/S
Grieg Transport A/S
Mongstad Base A/S
Knarvik Yrkesklær A/S

Meland Kommune :

Frank Mohn A/S
Frekhaug Støperi A/S
ABL Båtutstyr A/S
Vest-Seil A/S

Masfjorden Kommune :

Maran Utvikling A/S

Austrheim Kommune :

Mastrevik Mekaniske A/S
Fonnes Mekaniske A/S
Mongstad Elektro A/S
Magne Hope A/S
Tobias Plastindustri A/S
Nordhordland Transportkontor A/L

Radøy Kommune :

Fiskenett A/S
Vikingnett A/S
Radøy Mekaniske A/S
Kvalvik Trading A/S
Remote System A/S
Total Subsea A/S
Spenncon A/S

Fedje Kommune :

Fedje Mekaniske Verksted A/S
Fedje Treningssenter A/S

3. FISKEFLÅTEN, MERKEREGISTERET OG KONSESJONAR.

3.1. Lindås Kommune.

* 18 registrerte fiskefartøy, hovudsakleg i størrelsen mellom 5 og 10 meter.

	LENGDE I METER					Total
	0.0-4.9	5.0-9.9	10.0-14.9	15.0-19.9	20.0-29.9	
Pr.1/1	1	16	2			19
Avgong		1				1
Tilgong						1
Pr.31/12	1	15	2			18
BYGGJEAR						
Før 1929						
1930-39		1				1
1940-49		1				1
1950-59						
1960-69		3				3
1970-79		6	1			7
1980-85	1	3	1			5
Etter-85						
Ukjendt		1				1
Totalt	1	15	2			18

3.2. Meland Kommune.

* 2 heilårsdrevne notfartøy som driv etter sild, makrell, brisling og pale.

	LENGDE I METER					Total
	0.0-4.9	5.0-9.9	10.0-14.9	15.0-19.9	20.0-29.9	
Pr.1/1		3	2	1		6
Avgong		1	1	1		3
Tilgong	1					1
Pr.31/12	1	2	1			4
BYGGJRAR						
Før 1929						
1930-39						
1940-49						
1950-59						
1960-69		1				1
1970-79						
1980-85	1					1
Etter-85		1	1			2
Ukjendt						
Totalt	1	2	1			4

3.3. Masfjorden Kommune.

* 10 mindre fartøy hovudsakleg i størrelsen mellom 5 og 10 meter.

	LENGDE I METER					Ov.30	Total
	0.0-4.9	5.0-9.9	10.0-14.9	15.0-19.9	20.0-29.9		
Pr. 1/1		9	2				11
Avgong		2					2
Tilgong		1					1
Pr. 31/12		8	2				10
BYGGJEÅR							
Før 1929							
1930-39							
1940-49							
1950-59		2					2
1960-69		4					4
1970-79		1					1
1980-85		1	2				3
Etter-85							
Ukjendt							
Totalt		8	2				10

3.4. Austrheim Kommune.

* 1 større fartøy med ringnotkonsesjon.

* 1 kombinert garn og notbåt med fartøykvote for torsk nordpå.

* 19 mindre fartøy, hovudsakleg i størrelsen mellom 5 og 10 meter.

	LENGDE I METER					Ov.30	Total
	0.0-4.9	5.0-9.9	10.0-14.9	15.0-19.9	20.0-29.9		
Pr. 1/1	2	15	1			1	19
Avgong							
Tilgong		2					2
Pr. 31/12	2	17	1			1	21
BYGGJEÅR							
Før 1929							
1930-39		1					1
1940-49		1					1
1950-59		2					2
1960-69		2				1	3
1970-79	1	5					6
1980-85		5	1				6
Etter-85							
Ukjendt	1	1					2
Totalt	2	17	1			1	21

3.5. Radøy Kommune.

* 16 merkeregistrerte fartøy med 15 i størrelsen mellom 5 og 10 meter.

	LENGDE I METER						Total
	0.0-4.9	5.0-9.9	10.0-14.9	15.0-19.9	20.0-29.9	Ov.30	
Pr. 1/1	2	16					18
Avgong	1	1					2
Tilgong							
Pr. 31/12	1	15					16
BYGGJEÅR							
Før 1929							
1930-39							
1940-49		1					1
1950-59		3					3
1960-69		2					2
1970-79		3					3
1980-85	1	2					3
Etter-85		4					4
Ukjendt							
Totalt	1	15					16

3.6 Fedje Kommune.

* totalt 50 merkeregistrerte fiskefartøy.

* 1 fartøy med industritrålkonsesjon

* 47 fartøy i størrelsen mellom 5 og 10 meter.

	LENGDE I METER						Total
	0.0-4.9	5.0-9.9	10.0-14.9	15.0-19.9	20.0-29.9	Ov.30	
Pr. 1/1	1	45	1		2	1	50
Avgong					1	1	2
Tilgong		2					2
Pr. 31/12	1	47	1		1		50
BYGGJEÅR							
Før 1929							
1930-39		1					1
1940-49		3					3
1950-59		7			1		10
1960-69	1	20	1				21
1970-79		11					10
1980-85		4					4
Etter-85							
Ukjendt		1					1
Totalt	1	47	1		1		50

4. FOREDLINGSLEDDET.

4.1. Fiskemottak.

Fedje Fiskeindustri A/S.

Motteke fisk for Vest-Norges Fiskesalslag:

År	Torsk kg	Sei kg	Lyr kg	Hyse kg	Pigghå kg	Brosme kg	Lange kg	Annet kg
-89	9976	13798	1059	1043	3882	9013	7902	3983
-90	4828	7309	1345	1499	1424	5567	3367	2918
-91	4437	3086	4018	1238	3601	9346	3450	2720

* 10.285 kg. makrell vart teke i mot for Norges Sildesagslag i 1991.

Risnes Fiskemottak.

Motteke fisk for Vest-Norges Fiskesalslag:

År	Torsk kg	Sei kg	Lyr kg	Hyse kg	Pigghå kg	Brosme kg	Lange kg	Annet kg
-89	1109	2233	1882	671	1564	3717	7035	689
-90	12834	30806	6769	4967	7502	21712	14762	9727
-91	20809	16935	9340	3631	10338	15086	13476	8831

* 13.143 kg. krabbe vart teke imot for Vest-Norges Fiskesalslag, og 10.285 kg. makrell vart teke i mot for Norges Sildesalslag i 1991.

Støldal Fiskemat A/S, Isdal.

Nordhordland Fiskarlag har leveringsavtale med Støldal Fiskemat A/S. Fisken vert levert og henta ved kjølelager på Isdal kai. Vest-Norges Fiskesalslag har gjeve dispensasjon.

Motteke fisk for Vest-Norges Fiskesalslag:

År	Torsk kg	Sei kg	Lyr kg	Hyse kg	Pigghå kg	Brosme kg	Lange kg	Annet kg
-90	109	3386	1054	193		785	269	
-91	1900	14783	11787	3912		5561	3495	975

Ragnvald Våge - Ålemottak på Litlelindås.

Motteke ål, innmeldt til Vestlandske-Fiskesalslag:

1989: 20.000 kg
1990: 15.000 kg
1991: 26.000 kg

Førstehandsverdien for ål er gjennomsnittleg kr. 35,- pr. kg. avhengig av størrelsen på fisken. 1991 vart eit særskilt bra år samanlikna dei to føregåande åra. Ifølgje Ragnvald Våge skuldast ikkje det store mottaket i 1991 at ålebestanden er på vei opp, men heller at det vert dreve eit meir intensivt fiske med fleire reiskapar. Våge fryktar eit overfiske som set ålebestanden i fare.

4.2. Slakteri/pakkeri/filetering/fryseri.

Fedje Fiskeindustri A/S.

Fedje Fiskeindustri A/S er mottakar for Vest-Norges Fiskesalslag og Norges Sildesalslag, men har i dei seinare åra konsentrert verksemda om slakting, pakking og frysing av laks og aure. Bedrifta framstår som eit moderne anlegg, og tek imot oppalsfisk frå heile regionen. I 1991 vart det slakta og pakka tilsaman 650 tonn fisk. Det var omsett for 7.1 millionar kroner. Fedje Fiskeindustri A/S har også konsesjon for oppdrett av laks og aure, 12.000 m³.

Skjergårdsfisk A/S.

Skjergårdsfisk A/S er eit moderne slakte- og pakkeanlegg som tek imot oppdrettsfisk frå heile regionen. 1991 har vore eit svakt år, vert det opplyst frå Skjergårdsfisk A/S. Totalt vart det slakta og pakka 700 tonn. Årsomsetnaden var på 7.6 millionar kroner. Skjergårdsfisk A/S har også matfiskkonsesjon, og driv oppdrett av laks og aure 12.000 m³.

4.3. Røykeri og fiskematprodusentar.

Stabburet Marine Produkter A/S.

Stabburet Marine Produkter A/S har produksjon av røykelaks, lakspate og røykt makrell. Bedrifta vart oppstarta i 1987 i den tidlegare hermetikkvarefabrikken i Bøvågen på Radøy. Dei første åra hadde ein også slakte- og pakkeanlegg, men f.o.m. 1990 vart all verksemda konsentrert om vidareforedling. I 1991 vart det totalt produsert ca. 200 tonn frå Stabburet Marine Produkter A/S.

Fedje Røykeri A/S.

Fedje Røykeri A/S produserar røykelaks og hadde ein produksjon på 60 tonn til ein verdi av 6.5 millionar kroner i 1991. Røykeriet held til i moderne lokaler i same bygget som Fedje Fiskeindustri A/S.

Manger Fiskemat A/S.

Manger Fiskemat A/S er storprodusent av fiskebollar, fiskepudding og div. fiskemat. Bedrifta hadde i 1991 ein produksjon på over 600 tonn ferdig fiskemat. Omsetninga låg på 16.5 millionar kroner. Manger Fiskemat har skilt ut laksedelen til eige selskap Manger Seafood A/S.

Manger Seafood A/S.

Manger Seafood A/S blei starta opp 1990 og driv utelukkande med produksjon av røykelaks og andre lakseprodukt. Dei har produksjonslokale saman med Manger Fiskemat. I 1991 vart det samla produsert 150 tonn og omsett for 33 millionar kroner ved Manger Seafood A/S.

4.4. Hermetikkindustri.

Norway Foods Ltd.

Norway Foods, Fedje held til i tidlegare Chr. Bjellands bedriftslokaler på Fedje. Dei legg brisling på boks. Produksjonen har lege stabilt på ca. 55.000 skjepper årleg i dei seinare åra.

Norway Foods, Mastrevik er den andre av Norway Foods's to hermetikkfabrikkar i Nordhordland. Våren 1991 vart produksjonen lagt ned og alle dei 55 ansette sagt opp som ledd i eit større rasjonaliseringstiltak frå Norway Foods. Austrheim Næringssselskap, som er eigd av kommunen, er i forhandlingar med Norway Foods for å få kjøpe fabrikkbygget. Dei har planar om å setje i verk produksjon av dyrefor frå fisk og fiskeavfall.

5. FISKEOPPDRETT/AKVAKULTUR.

5.1. Konesjonar for oppdrett av laks og aure.

Lindås Kommune.

- * 1 konesjon for matfisk av laks/aure 12.000 m3.
- * 1 konesjon for stamfisk av laks og aure 4.000 m3.
- * 4 settefiskanlegg med konesjon for tilsaman 1.280.000 stk. yngel/settefisk av laks/aure. Tre av desse anlegga er i full drift.

3 oppdrettarar frå Radøy og Fedje har flytta delar av drifta si til Lindås Kommune. Dei driv på felleslokalitet som er godkjent for inn-til 16.000 m3 laks/aure.

Meland Kommune.

- * 2 konesjonar for matfisk av laks og aure, tilsaman 15.000 m3
- * 1 konesjon for stamfisk av laks og aure 4.000 m3.
- * 3 konesjonar for settefisk av laks og aure med samla kapasitet 1.290.000 stk.

Masfjorden Kommune.

- * 5 konesjonar for matfisk av laks og aure, tilsaman 48.000 m3. To av konesjonane er FoU-konesjonar.
- * 1 stamfiskkonesjon for laks og aure, 8.000 m3, tilknytta forsøksringen til Norske Fiskeoppdretteres Avlstasjon på Kyrkjeterøra.
- * 3 konesjonar for settefisk av laks og aure med samla kapasitet 2.400.000 stk.
- * Havforskningsinstituttets havbruksstasjon på Matre.

Austrheim Kommune.

- * 2 konesjonar for matfisk av laks og aure, tilsaman på 24.000 m3.

Radøy Kommune.

- * 7 konesjonar for matfisk av laks og aure tilsaman på 88.000 m3.
- * 3 konesjonar for settefisk av laks og aure med samla kapasitet 625.000 stk.

For å verte kvitt ILA-smitte vart det i meldingsåret gjennomført ein saneringsplan for Bøvågen-området. Beslutninga om å gjere dette vart fatta av Fylkesveterinæren kort tid før planlagt smoltutsett om våren. Tre oppdrettarar fekk ikkje sett ut vårsmolt avdi dei ikkje hadde disponibel reservelokalitet. To oppdrettarar flytta mellombels heile verksemda si over til Lindås Kommune.

Fedje Kommune.

* 5 konsesjonar for matfisk av laks og aure på tilsaman 56.000 m3.

Fedje er ein liten kommune og ligg utsett til i havgapet. Alle oppdrettslokalitetane med unnatak ev ein, ligg på nordsida av øya. Dei fire lakseoppdrettarane har teke konsekvensen av mangelen på sjøareal, og saman har dei laga ein plan for fiskeoppdrett på Fedje. Planen er ein samdriftsmodell, der oppdrettarane går isaman to og to om felles lokalitet.

Oppdrettarane på Fedje har vore gjennom ei saneringsperiode i løpet av 1990 og -91 for å verte kvitt ILA-smitte. Alle hovudlokalitetane stod tomme gjennom heile 1990, og anlegga vart desinfiserte. Slakteriet tok heller ikkje imot ILA-smitta fisk frå andre strøk. To av oppdrettarane sette ut smolt på lokalitetar i nabokommunen Øygarden, medan to sette ut på felleslokalitet Fedje syd. Våren 1991 vart det igjen sett ut smolt, og so langt har ein lukkast i å verte kvitt ILA-smitten.

5.2. Matfisk av laks og aure.

Tabellane under syner kvanta og førstehands verdi av slakta laks/aure i Nordhordland i 1990 og 1991. Tala er henta frå Fiskeoppdretternes Salgslag og Fiskeridirektoratet. Av omsyn til FOS's konkurs har ein for 1991 berre offisielle tal fram t.o.m. 30.09.91. For resten av året, 01.10.91 - 31.12.91, har vi lagt til 25 %.

<u>1 9 9 0:</u>				
<u>KOMMUNE</u>	<u>FISKE- SLAG</u>	<u>UTSATT SMOLT</u>	<u>SLAKTA MENGE (KG.)</u>	<u>SLAKTA MENGE (KR.)</u>
Lindås				
Meland	laks	641.600	1.831.763	54.260.500
Masfj.	aure	267.330	54.506	1.218.000
Radøy	laks	669.700	1.592.894	51.849.000
	aure	195.000	229.135	5.730.000
Austrh.				
Fedje	laks	425.530	1.260.678	38.621.000
Totalt Nhl.		2.199.160	4.968.976	151.678.500
<u>1 9 9 1:</u>				
Lindås	laks	29.000	249.300	7.350.000,-
	aure	115.000	0	0,-
Meland	laks	222.000	487.825	13.289.000,-
Masfj.	laks	433.500	606.234	6.915.000,-
	aure	122.300	614.745	12.641.000,-
Radøy	laks	255.000	1.182.235	32.623.000,-
	aure	250.000	433.000	9.476.000,-
Austrh.	laks	217.000	470.326	10.594.000,-
Fedje	laks	285.000	690.000	14.668.000,-
Totalt Nhl.		1.928.800	4.733.665	107.556.000,-

5.3. Klekkeri- og settefiskanlegg.

Ved utgongen av 1991 var det 12 konsesjonar for klekkeri- og settefiskanlegg i Nordhordland. Den samla produksjons-kapasiteten for anlegga er 5.545.000 stk. setjefisk (laks/aure) i året.

Det var drift ved 8 anlegg, og samla vart det selt 2.360.000 stk. settefisk av laks og aure i 1991 mot 3.727.000 stk. i 1990. Årsaka til den store forskjellen i salet mellom 1990 og 1991, er at siste året vart det destruert nær 950.000 stk. smolt i regi av FOS. Den destruerte smolten er ikkje medrekna i salsstatistikken for 1991.

Settefiskprodusentane i Nordhordland fekk i gjennomsnitt selt smolt for kr. 8.90,- pr. stk. i 1991. Dette er ei svak betring av prisen samanlikna med 1990, då smolten i gjennomsnitt vart selt for kr. 8.60,- pr. stk.

Prisen på aure fall kraftig frå 1990 til 1991. I 1990 vart aure gjennomsnittlig selt for kr. 8.60,- pr. stk. medan prisen i 1991 vart redusert til kr. 6.60 pr. stk.

Tabellene under syner rogn-, yngelbeholdning gjennom året, og sal av smolt og aure for åra 1990 og 1991.

	FISKE- SLAG	INNLAGT ROGN (liter)	BEHOLDNING ROGN PR. 31.12. (liter)	BEHOLDNING YNGEL PR. 31.12. (stk.)
1990	Laks	1685	428	4.304.500
1990	Aure	0	0	0
1991	Laks	915	249	2.048.000
1991	Aure	174	5	480.000 *(1)

	FISKESLAG	SAL I STK.	SAL I KR.
	Laks-yngel	570.000	2.525.000
1990	Laks-smolt	2.840.000	24.069.000
	Aure	317.500	2.734.000
	Laks-yngel	50.000	110.000
1991	Laks-smolt	2.087.000	18.575.000
	Aure	117.000	774.000 *(2)

*(1,2) For 1991 manglar ein statistikk frå eit anlegg.

5.4. Marine artar.

Lindås Kommune:

- * 2 torskekonsesjonar, ingen av desse var i drift i 1991.
- * Den Norske Stats Oljeselskap - konsesjon for større landbasert anlegg basert på varmt spillvann frå oljeraffineriet på Mongstad. Planane har enno ikkje vorte realisert.

Meland Kommune:

- * 1. torskekonsesjon, delvis i drift i 1991.
- * 1. konsesjon for landbasert anlegg, ikkje i drift.

Masfjorden Kommune:

- * 1. torskekonsesjon, ikkje i drift.
- * 1. konsesjon for marin yngel, ikkje i drift.

Radøy Kommune:

- * 2. marine konsesjonar, ikkje i drift 1991.

Fedje Kommune:

- * 4. torskekonsesjonar, ikkje i drift 1991.
- * 1. marin konsesjon for større landbasert anlegg, ikkje realisert 1991.

5.5. Skalldyr.

Fiskerisjefen har trekt attende ei rekke skalldyrkonsesjonar i løpet av 1991 av omsyn til to-årsfreisten for oppstart.

Lindås:

- * 3 konsesjonar for skjel og østers. Desse var i drift i 1991.

Meland:

- * 1 konsesjon for skjel og østers, ikkje i drift 1991.

Masfjorden:

- * 2. konsesjonar for skjel og østers, ikkje i drift 1991.

6. LÅNE- OG FINANSIERINGSKJELDER

6.1. Statens Fiskarbank.

Det vart ikkje handsama lånesøknader frå Nordhordland i 1991.

Det vart handsama tre søknader om tilskott til kondemnering av eldre uhensiktsmessige fiskefartøy. Omsøkt tilskott var tilsaman 3.5 millionar kronar. Statens Fiskarbank gav tilsagn om 3.2 mill. kr. i tilskott. To av søknadene kom frå Fedje og den tredje kom frå Meland.

7. TILTAK/TILTAKSARBEID.

Rettleiarkontoret har ingen særskilt plan for tiltaksarbeid som det skal arbeidast etter. Fedje Kommune har eige tiltakskontor og på Knarvik ligg Nordhordland Tiltakskontor. Fiskerirettleiaren har samarbeidd og delteke på møter når det har vore ynskjeleg.

7.1. Strategisk Næringsplan for Nordhordland og Gulen.

Mot slutten av året starta førebuing av Strategisk Næringsplan for Nordhordland og Gulen. Arbeidet med næringsplanen er organisert i styringsgruppe, prosessgruppe, konsulentar og med Nordhordland Tiltakskontor som sekretariat. Fiskerirettleiaren deltek i prosessgruppa. Målformuleringane i planen er følgjande:

- * Kommunane i regionen skal i fellesskap medvirke aktivt til at det vert utvikla fleire bedrifter med god lønnsemd i regionen.
- * Dette skal skje i konstruktivt samarbeid med næringslivet, fylkeskommunen og statlige styresmakter.
- * På denne måten skal noverande arbeidsplassar sikrast og det skal bli utvikla 3000 fleire arbeidsplassar i regionen fram mot år 2000.

I eit handlingsprogram 1992-93 er det vald 5 strategiar for å oppnå desse måla. Blant strategiane som vart valt er vidareforedling av råstoffa frå havet. Følgjande tiltak er sett opp til strategien:

- * kompetanseoppbygging i foredlingsbedrifter.
 - fagutdanning knytta til lærlingeordninga
 - utvikling av spesialkompetanse i bedriftene
- * utvide kvalitetsbegrepet.
 - kvalitet både knytta til produkta og til produksjonsanlegga.

Ansvarleg for oppfølging er Regionrådet i samarbeid med Austrheim vidaregåande skule og bedriftene.

8. SUMERING.

8.1. Rettleiingstenesta.

Fiskerikontoret har fått rusta opp EDB-anlegget i løpet av året. PC'en er bytta ut med ein av nyare type og ein PC av tilsvarande merke er mellombels på utlån frå Fiskerisjefen. Ny skrivar er også installert.

Kontorfellesskapet med Havbruksveterinær og Havbrukskonsulent fungerer svært bra. Fiskerirettleiaren har i mange høve samarbeidd med Havbruksveterinæren om organisering av oppdrettar-møter og delteke på befaring på oppdrettslokalitetar. Samarbeidet har gjeve Fiskerirettleiaren ei unik mulighet til å halde seg oppdatert i oppdrettsmiljøet. Fiskerirettleiaren har kontinuerleg samarbeid med Havbrukskonsulenten i samband med kystzoneplanlegging.

Kystzoneplan for Nordhordland.

Kystzoneplanen tek ettar kvart form. Fleire av temakarta over særinteresser er ferdige deriblant temakart I: Fiskeri-interesser. For tida vert det utarbeidd kart over framtidige havbruksinteresser etter oppdrettarane sine eigne preferansar. Kvart område skal sidan evaluerast av ekspertar ved Universitetet i Bergen.

8.2. Fiskerinæringa.

To av nordsjøtrålarane på Fedje vart kondemnert i 1991. Ved slutten av året var det difor berre eit havfiskefartøy att på Fedje. Positivt er imidlertid at ressursane er tilstades på Fedje og personar innanfor fiskarmiljøet planlegg nytt båtkjøp.

I Austrheim har ein to av dei fartøya som står seg best i heile regionen. "Fonnes" er einaste ringnotfartøyet i Nordhordland, og har hatt fleire gode år på rad. "Franto" har torskekvote og deltok for andre året på Lofotfisket. Mannskapet var heldige med veret og fekk fylt kvoten på kort tid.

Kystnotfiskarane har hatt eit vanskeleg år. Det har vore svært lite pale, og brislingfisket i Sogn og Nordfjord var dårleg.

Dei einmannsbetjente båtane er for ein stor del pensjonistar på blad A. B-fiskarane i denne gruppa må slite hardt for å få dette fisket til å lønne seg.

8.3. Akvakulturnæringa

Oppdrettarane har hatt nok eit problem-år. ILA, furunkolose, låge prisar og tap grunna FOS-konkursen er ingrediensar som har ført til lågare lønsemd i næringa.

Det har vore tre konkurransar i løpet av året, men det vert fortsett drift ved anlegga.

På Fedje vart det sett ut att smolt etter ein saneringsperiode for å verte kvitt ILA-smitten.

I samband med eit større saneringstiltak på vestsida av Radøy fekk ikkje oppdrettarane sett ut smolt i dette området. 3 av oppdrettare hadde ikkje alternative lokalitetar, og let difor vere å setje ut smolt denne våren.

Oppdrettarane i regionen slit framleis med "hetsing" i media. I enkelte høve har oppdrettarar vore uthengt som "miljøsvin" på meir eller mindre usakeleg grunnlag. Det har vore arrangert bygdemøter for å opplyse folk om fiskeoppdrett og miljøspørsmål. Representantar frå fagmyndighetene har også delteke på desse møta.